



Arkivnr: 2014/558-218

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		02.11.2016

Temadagen 2017 - førebels program

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal arrangere temadag mars 2017 for dei kommunale råda i Hordaland. Rådet gjorde slikt vedtak i møtet 28.09.2016:

«Dato for temadagen vert endra frå 28. mars til 27. mars.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å jobbe som programkomite og tek med seg innspela som kom i møtet. Skisse til program vert lagt fram på neste rådsmøte.»

Arbeidsutvalet har jobba fram slikt førebels program der hovudtema er psykisk helse:

10:00	Opning	Fylkesordførar Anne Gine Hestetun og leiar RMNF Kjell Håland
10:15	Kommunesamanslåing og råda - konsekvensar og tips til samanslåing	Deltasenteret
11:00	Pause	
11:10	Satsing på psykisk helse og konsekvensar av kommunesamanslåing	Fjell kommune
11:40	Lunsj	
12:40	Flyktningar og psykisk helse - ei oversikt	RVTS
13:10	Arbeid med flyktningar og psykisk helse	Bergen kommune
13:40	Pause	
13:50	Erfaring frå ei flyktning med nedsett funksjonsevne	Flyktning
14:10	Korleis jobbar HFK med å integrere ungdom i vgs, med fokus på psykisk helse	Opplæringsavdelinga
14:40	Fargespill	
14:55	Avslutning	Kjell Håland
15:00	Slutt	

Arbeidsutvalet føreslår at det vert sendt ut ein e-post til dei kommunale råda før jul med informasjon om dato og tema.

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner førebels program.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber administrasjonen om å sende ut ein e-post til dei kommunale råda før jul med informasjon om dato og tema.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.